



Olav Pollen  
Kvamsvåg  
5911 ALVERSUND

Dykkar ref:                      Vår ref:                      Sakshandsamar:                      Direkte tlf:                      Arkivkode:                      Dato:

00/02325-2                      Arne Eikefæt                      56 35 66 34                      19.12.2002

### VEDR. FELLES PRIVAT SLAMAVSKILJAR I KVAMSVÅGEN

Viser til våre brev av 18. november 1997, 16. august 2000 og diverse samtalar, seinast på vårt kontor tirsdag 17.12.02.

Det konstaterast at det framleis ikkje er etablert kapasitetsauke på slamavskiljaren og at problema difor er dei same som før.

Lindås kommune utfører for tida rullering av hovedplan avløp. I rulleringsframlegget er det teke med eit opplegg for oppgradering av utilfredsstillande private avløpsanlegg. Dersom framlegget vert politisk godkjent kan det i ein overgangsperiode bli aktuelt med kommunal støtte til deler av pålagt oppgraderingsarbeid. Om den aktuelle slamavskiljaren kan kome inn under desse stønadsreglane er pr. i dag ikkje avgjort.

I påvente av godkjeningsarbeidet for rulleringa av hovedplanen aksepterer Lindås kommune å påta seg kostnaden med årleg tømning av ovanemnde slamavskiljar, utan at abonnentane får særskilt auke i slamgebyret. Ordninga vil gjelde frå desember 2003. Slamavskiljaren vil då bli tømt i samband med tømning av dei store kommunal avskiljarane og følge deira årlege tømning.

Kommunen påtek seg ikkje noko ansvar for at denne ekstraordinære tømmeordninga er tilstrekkeleg for å hindre at ulemper eller skader oppstår.

Tømmeordninga vil opphøre når den forventa perioden med tilskotsordning (ref. hovedplan) er opphøyrd. Dersom slik ordning ikkje blir innført, vil ordninga opphøre innan 3 år.

Det er difor viktig at eigarane av slamavskiljaren no verkeleg tek fatt i problemet og i fellesskap sørgjer for oppgradering av kapasiteten til å dekke den reelle bruken.

Det påkviler her eit særleg ansvar for dei ovanforliggjande eigedomane til å ta ansvar, slik at den nederste eigedomen ikkje vert ståande aleine med alle problema i denne saka.

Med helsing

Arne Eikefæt  
- avd.ing. VAR

Kopi til Gnr.141, bruksnumra 13, 19, 22, 32 og 36

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks	Konto
5914 ISDALSTØ	Rådhuset	56 35 65 00	56 35 65 01	7413 05 01005
				Organisasjonsnr.
				935 084 733



Alfred G. Kvamme  
Håkonsgt. 26  
5015 BERGEN

Dykkar ref:      Vår ref:      Sakshandsamar:      Direkte tlf:      Arkivkode:      Dato:  
00/02325-1      Arne Eikefet      56 35 66 34      16.08.00

### VEDR. FELLES PRIVAT SLAMAVSKILJAR I KVAMSVÅG

Viser til div. kontakt mellom deleigar av felles privat slamavskiljar, Olav Pollen; og teknisk etat i Lindås kommune.

Nemnte slamavskiljar har i dag for liten kapasitet i høve til belastning, noko som medfører fare for oppstuving i huset til Olav Pollen. Teknisk etat har ved fleire høve gjort kontaktpersonar hjå eigarane merksam på at kapasiteten på slamavskiljaren må aukast dersom det skal vere tilstrekkeleg med den kommunale, lovpålagte minimumstømninga kvart anna år.


Etter møte mellom Pollen og representantar for teknisk etat no i august kan teknisk etat som ei midlertidig særordning sørge for å tømme avskiljaren ein gong i året, mot at kommunen får dekka dei direkte utgiftene for ekstratømminga. Ekstratømming og normaltømminga må utførast på om lag same tidspunkt kvart år, men likevel slik at det passar inn i tømmeentreprenøren sin driftsplan.

Kommunen kan ikkje påta seg noko ansvar for at denne tømmeordninga er tilstrekkeleg for å hindre at ulemper eller skader oppstår.

Denne ordninga vil medføre at eigarane frå år 2000 får eit tillegg i abonnementsprisen på 30%, dvs frå kr 790 til kr 1027 pr år for heilårsbustadene og tilsvarande halvparten for hyttene.

Dersom det er ønskeleg med ei slik ordning må dette meddelast teknisk etat via Olav Pollen.

Med helsing



Arne Eikefet  
Avdelingsingeniør

Likelydande brev sendt alle abb./deleigarar tilknytt slamavskiljaren.

Möte, den 8. januar 1974

Byggherre/meldar: Alfred G. Kvamme m.fl. adr. 5100 Isdalstö

Eigedom: Kvamsvåg gnr. 141 bnr.

Saka gjeld: kloakkutslepp - nyanlegg

Byggemelding/søknad dat. 20.6.73 (jnr.dato)

---

Vedlegg: Søknad om utsleppsløyve

kartutsnitt 1:1000

Skriv frå Alfred G. Kvamme dat. 19.6.73

SAMRÖYSTES VEDTAK:

Utslepp av kloakk frå 4 heilårsbustader og 2 hyttetomtar skal gå samla i lukka 6" leidning om ein 2-kamra slamavskiljar på 6 m<sup>3</sup> vassvolum jfr. skjema K og vidare til minst 10 m under fjæra sjö. Leidningen skal forankrast på ein forsvarleg måte mot vind- og straumforhold.

Slamavskiljaren skal plasserast på ein slik måte at den kan tömmast frå gardsveg.

Ordninga skal vere godkjent av helserådet. § 66.2. i bygningslova.

I samsvar med § 93 jfr. § 95 i bygningslova vert det ikkje til-  
lete igongsett arbeid før det er gjeve BYGGJELØYVE eller GRAVE-  
LØYVE etter søknad.

BYGGJELØYVE vert sendt når vilkåret i bygningsrådsvedtaket er  
stetta.

43/74.

Søknad frå Alfred G. Kvamme m. fl. om kloakkutslepp - nyanlegg på  
gnr. 141, bnr. 13, 19 m. fl.

Det gjeld utslepp frå 2 heilårsbustader og 4 hytter.

samr. vedtak:

Helserådet godkjenner kloakkutsleppet i samsvar med bygningsrådet  
sitt vedtak.

---

Det vert med dette stadfest at Lindås bygningsråd i møte har  
fatta vedtak i samsvar med det som er nemnt ovanfor.

FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD: .....

04 11/17  
1904

1904

1904

1904

1904

1904

1904

ALFRED G. KVAMME  
HØYESTERETTSADVOKAT

LINDÅS KOMMUNE  
KOMMUNE-  
INGENIØR KONTORET

00921 20.6.73

Arkiv nr. 54/21

MEDLEM AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING TELEFON: 11832 - 14645 BANKGIRO: 5201.05.38149 STRANDSHJØRNET

POSTBOKS 509  
STRANDGATEN 1  
5001 BERGEN Norw. K/A.


DATO: 19. juni 1973.

Lindås bygningsråd,  
5100 ISDALSTÖ-

ad søknad om utslipningstillatelse for privat kloakk,  
Kvamsvåg, Alversund, for 6 boliger.

Under henvisning til konferanser samt befarings-  
med ingeniør Fanavoll for noen dager siden fremsender  
jeg vedlagt søknad om utslipningstillatelse i 2 eksemplarer  
sammen med en kartskisse i et eksemplar. På kartskissen  
er traceen inntegnet med gul farge.

Med hilsen

  
Alfred G. Kvamme.

SKJEMA K

UTSLEPP AV KLOAKK TIL VASSDRAG (BEKK) OG SJÖ.

(Forskriftenes pkt. 4)

Etter § 66.2 i bygn. lov.




Fig. 5. Prinsippiel skisse av systemet. (Alle mål er minimumsavstander)




Fig. 6. Prinsipppteikning av slamavskiljar (Mål i mm)

sjå baksida




Fig. 7. Sandfiltergrøft (Alle mål i cm)  
Maks fall 1 cm på 5 m

LINDÅS BYGNINGSRÅD  
VILKÅR FOR UTSLEPP AV KLOAKK

Møte, den ... 8. jan 1974 .....

Sak nr. 40/74 .....

Søkjar: *Alfred G. Kramme m. fl.* .....

Eigedom: *Kvamsvåg* .....

Søknadem motteke: *20.6.73* .....

Utsleppet skal utførast i samsvar med Fig. 5 til 7 og med fylgjande spesifikasjonar:

Slamavskiljar: Antal kammer: *3* ..... Totalt vassvolum: *6,0 m<sup>3</sup>* .....

D1: *1600* ..mm. D2: *1400* ..mm. D3: ..mm

H: *1700* ..mm

Sandfiltergrøft: Total lengd .....m

ARBEIDET VÆRT IKKJE TILLETE IGONGSETT FØR HELSERÅDET OG DET LOKALE TILSYNET HAR GODKJENT ORDNINGA:


Kommuneingeniøren i Lindås, den ... *10.1* ... 1974.

For Lindås bygningsråd

... *Jan Johan Håvås* .....

sakshandsamar

NB: Sandfiltergrøftene med nedlagte røyr, skal kontrollerast i 2 omgonger av ingeniørkontoret for attfylling.



  
**LINDÅS KARTVERK**  
 Utsnitt av blad nr. FF004-1-64  
 Målestokk 1:1000  
*Solberg*

KVAMSVÅGEN

Futestöa

Olskjelda  
 LINDEÅS KOMMUNE  
 INSEKTOREKONFERANS  
 0002  
 20.6.73  
 Arkiv nr. *541.21*